



Årsrapport 2020



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Fagleg verksemd

2020 er det tredje året Nynorsksenteret (NYS) er ei fullt integrert eining ved HVO, på nivå med dei fire faginstitutta ved AHL. Omorganiseringa i 2018 og følgjene ho fekk for administrativ drift og fagleg aktivitet er omtala utførleg i førre årsrapport (for 2019-2020). Hovudkonklusjonen der var at NYS hadde funne sin plass i HVO-organisasjonen og at dei nye rammene for drifta alt i alt hadde styrka senteret som fagmiljø med nasjonalt mandat. Dette inntrykket er forsterka i løpet av 2020.

Det nasjonale oppdraget og målgruppene er også uendra. Grunnlaget for Nynorsksenteret er behovet for auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen, grunnopplæringa og lærarutdanningane - med utgangspunkt i praksisnær og forskingsbasert kunnskap.

Då vi byrja arbeidsåret 2020, var det på mange måtar «business as usual» med etablerte rutinar for det meste. På internseminaret i januar byrja vi arbeidet med nye versjonar av strategiplanen (2020-2023) og malen for den årlege handlingsplanen. Desse reviderte planane var klare til bruk i februar. I mars kom koronapandemien med tilhøyrande sterke restriksjonar for aktiviteten. For oss råka det særleg planlagt reise- og møteverksemd. Hausten var også prega av koronarestriksjonar og delvis heimekontor. Mykje av det som var planlagt i handlingsplanen for 2020 kunne rett og slett ikkje gjennomførast.

Nokre av dei viktigaste røynsleane frå dette unntaksåret kan oppsummerast slik:

- Det vi sakna mest var den direkte kontakten med skular, barnehagar og fagmiljø utanfor Volda. Dette vil vi trappe opp att så snart som råd.
- På den andre sida har samanhengande arbeidsdagar og veker utan avbrot pga. reiser gitt meir tid til å lage og publisere nye ressursar.
- Mindre reising har gitt dårlegare vilkår for netteverkspleie. Digitale møte på Zoom og Teams kan fungere godt for arbeidsmøte i etablerte grupper, men er ein dårleg arena for å bli kjend med nye folk og å kome inn i nye faglege nettverk.
- Vi har vore engasjerte i AHL-administrerte Dekomp- og Rekomp-opplegg på Sunnmøre. Men vi har framleis ingen slike oppdrag andre stader i landet.
- Samarbeidet med Lesesenteret om å utvikle nasjonale kartleggingsprøver i lesing har blitt vidareført. To NYS-tilsette er engasjerte. Hausten 2020 vart samla frikjøp til dette arbeidet utvida frå 20 til 40%. Prosjektperioden er 2019-2021.
- Vårt eige webinar for LU-tilsette 12.11. fungerte godt. Dette var ei svært nyttig røynsle. Vi hadde opphavleg planlagt ei fysisk samling i Drammen i samarbeid med USN. At fagdagen vart digital, gjorde han mykje rimelegare, enklare å planlegge og arrangere og - ikkje minst - at vi (truleg) fekk fleire deltakarar. Det største minuset var at vi ikkje fekk ein arena for å bygge og/eller styrke nettverk.
- Vi har hatt fin auke i aktiviteten i dei digitale distribusjonskanalane våre. Vi har hatt mykje kontakt med og fått mange tilbakemeldingar frå NYS-brukarar frå heile landet. Sikker statistikk finst ikkje, men alt tyder på at fleire enn nokon gong har nytta ressursane våre. (Sjå vedlegg 1)
- 2020 har vore eit år der forholdet til AHL/HVO har blitt konsolidert. Vi har funn vår plass i organisasjonen. Vi har også avklara arbeidsdelinga mellom NYS/HVO og Nynorsk kultursentrum. Kontakten med Udir og dei andre nynorskorganisasjonane har også vore godt.
- Vi har halde fram dei ein kan kalle ei gradvis opptrapping av fou-aktiviteten etter innlemminga i AHL/HVO. Første NYS-tilsette med 50/50-ordning byrja det formelle phd-løpet i august. I november vart Per Henning Uppstad engasjert som professor II for kalenderåret 2021 (10 % NYS + 10 % ISL).

Sjå fleire detaljar om den faglege aktiviteten i vedlegg 1 og 4.

Administrasjon og økonomi

Nynorsksenteret er ei lita og oversiktleg eining med minimal administrasjon. I tillegg til leiaren brukar vi berre 0,5 årsverk på ei rein administrativ stilling. Resten av dei tilsette arbeider i all hovudsak med faglege oppgåver, dvs. ressursutvikling, formidling og FoU.

I 2020 var det til saman 11 tilsette det meste av året. Dette er om lag det same som det har vore i fleire år. I desember var staben samansett slik: Fagtilsette i fulle, faste stillingar: Guro Kristin Gjøsdal, Reidun Kydland, Liv Astrid Skåre Langnes, Arild Torvund Olsen, Anna Marta Vinsrygg Vadstein, Marit Wadsten, og Liv Kristin Bjørlykke Øvereng. Andre: Kommunikasjonsrådgjevar Ingvild Myklebust Hovden, seniorkonsulent Roger Ole Rangseter (50 %) og senterleiar Torgeir Parr Dimmen (åremålstilsett 2012, fornya engasjement jan. 2020 – des. 2023). Jorid Saure vart tilsett i eit 40% vikariat som høgskulelektor frå 1.9.

Dei fagtilsette ved Nynorsksenteret har arbeidsavtalar med eit fastsett timetal for ordinær aktivitet knytt til ressursutvikling og formidling. Dei har også ein liten FoU-del i stillinga (i utgangspunktet 20 prosent). Dette var nytt etter omorganiseringa i 2018, og har gitt rom for større breidde i den faglege aktiviteten, t.d. til artikkelskriving og samarbeid med fagfolk i andre UH-miljø om ulike forskings- og utviklingsprosjekt.

For 2020 fekk Nynorsksenteret ei grunnløyving på kr. 7 049 000. Det vart budsjettert med at utgåande balanse skulle gå i null. Dvs. at ein planla å nytte heile det overførte beløpet frå 2019 (kr 410 000) i tillegg til den ordinære grunnløyvinga. Rekneskapen for 2020 viser eit samla mindreforbruk på kr. 482 000. Hovudårsaka til dette er at både delvis frikjøp (med ekstern finansiering) og ei langtidssjukmelding ikkje fullt ut vart dekt opp med vikar/engasjement. Vi hadde også større eksterne inntekter (m.a. engasjement i samarbeid med Lesesenteret) og noko lågare reisekostnader enn budsjettert. (Fleire detaljar frå rekneskapen i vedlegg 2.)

I desember 2019 vart det lyst ut eit HVO-finansiert ph.d.-stipend i nynorskopplæring med fagleg base ved AHL og Nynorsksenteret. I mai fekk ein søkjar tilbod om stillinga, med januar 2021 som planlagt starttidspunkt etter opptak ved ein phd-gjevande institusjon. Denne kandidaten har seinare trekt seg. (Ny utlysing i mars 2021. Planlagt tilsetjing haust 2021, formell start vår 2022.)

I denne årsrapporten blir detaljane frå drifta presentert i fire vedlegg. Planen er at rapporten for 2021 (og seinare) også skal innehalde ein eigen samanfattande presentasjon av en faglege aktiviteten, inkludert ei vurdering av korleis vi oppfyller det nasjonale oppdraget.

SR-huset, 4.5. 2021

Torgeir Parr Dimmen

Vedlegg 1: Nettstatistikk 2020

Vedlegg 2: Samandrag av budsjett og rekneskap for 2020

Vedlegg 3: Strategiplan 2020-2023

Vedlegg 4: Handlingsplan 2020 (ajourført versjon januar 2021)

VEDLEGG 1: Nettstatistikk 2020

Bruken av ressursane på *nynorsksenteret.no* har auka kraftig i løpet av 2020. I januar 2021 hadde vi kring 30 000 unike brukarar. Dette er kring 50 % meir enn same månad året før.

På lista over populære sider ser vi at dei reine grammatikkøvingane framleis gjer det særst godt, men at den nye novelle- og kortprosalista gjer det endå betre.

Nokre utvalde tal:

	2020	Endring 19-20	2019	2018
Unike brukarar på nettsidene				
Nynorsksenteret.no	199 646	+27%	157 396	125 122
Berte og Iver	4 773	-31%	6 895	5 233
Nynorsk bok.no	99 849	+29%	77 337	75 087
Teikneseriar	37 803	+25%	30 230	36 211
<i>Sosiale medium: Status pr. 31.12.</i>				
Nyhendebrev (etablert januar 2019)	2200	99%	1108	
Facebook (likar sida)	9730	11%	8732	
Instagram (følgjarar)	850	41%	601	

VEDLEGG 2: Samandrag av budsjett og rekneskap for 2020

Nynorsksenteret		(alle beløp i 1 000 kroner)					Kommentarar
		Budsjett	Forbruk 2020		Prognose		
2020		Budsjett 1.1-31.12.2020	Rekneskap pr. 31.12.20	Forbruk i % av budsjett	Pr. xx.xx.xx	Avvik (budsjett - prognose)	
Tildelingar (inntekter):							
	Grunntildeling 2020 (fråtrekt infrastrukturkostnader)	-7 049		0 %			
	FoU-poeng 2018/ stipendiatmidlar Øvereng 2020/ vikarstipend Wadsten 2020	-289		0 %			
	Overført frå grunntildeling 2019	-410		0 %			
	Sum budsjettmidlar 2020	-7 748	0				
Utgifter:							
Konto	Namn på konto						
3	Driftsinntekter, sal av hefte, ymse refusjonar	-340	-356	105 %			
50	Løn fast tilsette	3 392	3 381	100 %			
5	Feriepengar	598	610	102 %			
51	Løn åremålstilsette/ vikarar/ engasjert personale/ gjesteforelesar	1 590	1 517	95 %			
52	Gruppelivsforsikring	12	12	100 %			
54	Arbeidsgjevaravgift	892	835	94 %			
54	Pensjonskostnader	741	710	96 %			
58	Refusjon av sjukepengar	-100	-255	255 %			
59	Gåver tilsette/ velferdstilskot/ andre personalkostnader	6	9	150 %			
63	Tilfeldig leige	0	1				
64	Leige av programvare	5	16	320 %			
65	IT-software/ inventar/ IT-hardware/ AV-utstyr/ forbruksmateriell	15	13	87 %			
67	Konsulenttenester og andre framandtenester	60	184	307 %			
67	Kjøp av undervisningsteneste, På sporet, prosjektstønad Tid for ti, lesegleidar	300	233	78 %			
68	Kontorrekvisita / datarekvisita	1	5	500 %			
68	Trykningsutgifter/ vederlag Kopinor-Tono	70	138	197 %			
68	Annonser	15	20	133 %			
68	Aviser/ tidsskrift/ bøker	7	12	171 %			
68	Deltakaravgift for kurs og seminar, egne tilsette	20	2	10 %			
68	Elektroniske medium/ database- og søketeneste	30	29	97 %			
68	Arrangement av kurs og seminar, egne tilsette	20	26	130 %			
68	Arrangement av kurs og seminar, eksterne deltakarar/ møtekostnader	40	9	23 %			
69	Porto	20	89	445 %			
71	Reiseutgifter tilsette og eksterne	250	82	33 %			
7	Gåver til eksterne / kontingentar / anna kostnad/ profilannonsering	14	4	29 %			
90	Refusjon lønsutgifter / Dekomp/ ReKomp	-80	-135	169 %			
91	Lønsutgifter/ porto	30	75	250 %			
	Sum forbruk	7 608	7 266				
Resultat		-140	7 266				

Strategiplan 2020–2023

Versjon 28.2.2020

SLAGORD

God nynorskopplæring!

VISJON

Nynorsksenteret skal vere det leiande nasjonale kompetansemiljøet for nynorskopplæring i barnehage, skule og lærarutdanning.

HOVUDSATSINGAR 2020–2023

- I Utvikle og formidle gode og oppdaterte ressursar om lese- og skriveopplæring på nynorsk.
- II Styrke tilbodet om bruk av digitale læringsressursar på nynorsk.
- III Styrke nynorsk i lærarutdanningane.

FAGLEG GRUNNLAG FOR ARBEIDET

Oppdrag frå Kunnskapsdepartementet

Frå og med 2018 er Nynorsksenteret sitt oppdrag formulert slik:

1. Departementet forventer at Høgskulen i Volda benytter de overførte midlene til å bidra til økt kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringen og bidra til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnopplæringen.
2. Høgskulen i Volda skal videreføre arbeidet med forskningsformidling og praksisnær aktivitet og bistand basert på relevant forskning.
3. Aktuelle målgrupper for arbeidet er lærerutdanningene, skole- og barnehageeiere, ledere og ansatte i barnehager og skoler.
4. Høgskulen i Volda skal bidra til at barnehager og skoler får økt kompetanse til å tolke og operasjonalisere rammeplanen og læreplanverket.
5. Høgskulen i Volda skal videre støtte andre institusjoner og særlig lærerutdanningene i deres arbeid med kompetanseutvikling i skolene og barnehagene.
6. Høgskulen i Volda skal også ved behov være rådgiver for nasjonale utdanningsmyndigheter innenfor nynorsk.

(Frå Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til HVO, desember 2017.)

Innhald i LK20 og rammeplan for barnehagen

Frå hausten 2020 skal nye læreplanar takast i bruk i grunnopplæringa (LK20). Grunnlaget for å utvikle og formidle læringsressursar er både innhaldet i den overordna delen og planane og vurderingsordningane for kvart einskild fag.

LK20, overordna del: <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>

LK20, fagplanar: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/Nye-lareplaner-i-grunnskolen-og-gjennomgaende-fag-vgo/>

Rammeplan for barnehagen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Kvalitetssikra kunnskap om nynorskopplæring

Verksemda ved Nynorsksenteret er basert på tilgjengeleg kvalitetssikra kunnskap på relevante fagområde, t.d. pedagogikk, didaktikk, lese- og skriveforskning. I tillegg kjem egne og andre sine røynsler frå praksisfeltet.

Handlingsplan 2020

Innleiing og tabellmal: Versjon 28.2.2020.

Postane og innhaldet i tabellen med oversyn over dei fem hovudsatsingane vart reviderte og ajourførte gjennom heile 2020.

Dette vedlegget er basert på den siste oppsummerande revisjonen, gjennomført 28.1.2021.

Gulmerka postar er heilt eller delvis gjennomførte i 2020.

Handlingsplanen byggjer på strategiplanen og blir rullert kvart år innan 15. februar. Han skal brukast som ein reiskap for å planlegge og gjennomføre bruken av arbeidstid og pengar på ein måte som fremjar Nynorsksenteret sin visjon og arbeidet for å nå dei overordna måla i strategiplanen. Handlingsplanen gir også rammene for årsrapporten frå senteret.

GJENNOMGÅANDE ARBEIDSOMRÅDE I HOVUDSATSINGANE

- 1 Ressursutvikling
- 2 Formidling
- 3 Auka kunnskapsgrunnlag
- 4 Strategisk samarbeid og språkpolitisk arbeid

OVERORDNA VILKÅR

- 5 Kompetent organisasjon og sunn økonomi

Hovudsatsing I: God lese- og skriveopplæring på nynorsk

Område 1: Ressursutvikling				
Status jan. 2021	Delmål	Frist	Ansvarleg	Merknad
Ok 2020 2021: Fullføre	Fagfornyninga: Oppdatere alle ressursane 1.–7. trinn + 8.–10. trinn + VGS Teikneseriane Bok på 1–2–3	1.5.	LK + LA + AK ATO GKG	Kompetansemål for 2020: 15.10: Ferdig. Bok på 1-2-3: På veg
Ok 2020 Framhald 2021	Bok på 1–2–3: Lage fem nye opplegg i første omgang (januar-des)	6.12	GKG	Gjort 15.10: Bør u.tr og vgs ha eige litteraturformidlingsopplegg?
Ok 2020, lansering jan. 2021 Ny runde i 2021/jan 2022	Nettressursar+bok: Tid for ti. Ny runde klar for lansering januar 2021	1.12.	ATO + IMH + RK	H20: Innlesing og redigering av lydfiler. Ressursar til nokre av bøkene. 15.10: Alt i rute
Ok 2020	Gjere ferdig ressurs: Nynorsk i samfunnsfag (For ungdomsskule) Tverrfagleg	1.10.	MW + IMH	Gjere ferdig heile opplegget 06.10: Sendt til J.S. for gjennomlesing.
Ok 2020	Skrivedidaktikk + skriftspråksdidaktikk (rettskriving) 1.-10. trinn		?	15.10: Grammatikkressurs LA og RK (30- leiken og setningsledd klare til publisering) Diftongopplegg ATO og AM
2021??	Ny nettressurs: Arbeid med noveller og fagtekstar i ungdomsskulen		LA	Eit opplegg om novelle og ein ressurs om fagtekstar. Ikkje publisert enno.
Ok 2020	Ny trykksak: Barnehageplakat		AM	4.3: ferdig
Ok 2020	Ny nettressurs: Avis i skulen (utrinn) Ein annan tittel		AK + ATO	Ungd.skule: Publisert. Anna Kirsten har også laga for mellomtrinn og vgs. + på ski over Grønland. skal publiserast.
Ok 2020	Fullføre nettressurs: På Sporet (1-4)	1.6.	AM	JKS engasjert ut juni. Publisert NYS 26.6.
Ok 2020	Ny nettressurs (+ trykk?): Bokkatalogen (1-10)		ATO	Grunnlag: Ti beste-kåringane i 2019
Ok 2020 2021: Fullføre	Ny nettressurs: Skrivedag for elevar i ungdomsskulen		LA	15.10:Opplegget er klart til å sende til ATO Klart til publisering

Ikkje gjennomført 2020 Fullføring 2021?	Utvikle/fullføre ressursar: Svolvær-prosjektet (utrinn+vgs)		MW - RK	15.10: Er i gang.
Ikkje gjennomført 2020 2021: Ny ressurs	Ny nettressurs+trykksak: Nynorsk på 1–2–3. Lærarrettleiing. Plakat		GKG+ATO	15.10: Har ikkje starta på dette. Utsetje til 2021.
Ok 2020 : Sekkepost med tverrfaglege ressursar. 2021: Tilsvarande sekkepost? Ev. eigne nye postar for kvar ressurs.	Nye ressursar: Litteratur og tverrfaglege tema (Fagfornyinga)		? LAL LAL og JS MW RK JS GKG GKG GKG GKG GKG GKG GKG	Meir spesifisert? U.tr. og vgs: Tekstbase for tverrfaglege tema. Berekraftig utvikling. Eresfjord skule: Latter-boka. Livsmeistring. Opplegg til “Ungen” av Basso, vgs. Juleløypa Demokrati og medverknad Podkast Escape Room Grej of the day Lær om ulike ti-år “Den store vesle garden” (samarbeid Naturfagsenteret og Naturfag, HiVolda)
2020: Ikkje fullført? 2021: Fullføre ressurs	Ny nettressurs: Artikkelskriving		GKG	15.10: Løfte fram hefte frå Skrivesenteret om Argumenterande skiving. På vent. Jobbe om frasesamlinga
Ok 2020 : Sekkepost med variert innhald. 2021: Tilsvarande sekkepost? Ev. eigne nye postar for kvar ressurs.	Lage ressursar i samarbeid med Jorid Saure?	H20	LA	15.10: Jorid er på plass. Haust. Språklege verkemiddel og lyrikk. Tverrfagleg opplegg i nat. Og samf. Lage nettside for ungdom. Under arbeid Temahefte jul/advent. Kalender med kreative skriveoppgåver.
Ikkje fullført 2020 2021: Fullføre ressurs	Ny ressurs: Omsetjing av songtekstar (låtskriving)	H20?	GKG ATO (GKG og AM)	I samarbeid med T.R. Aadland. Heavykatten-opplegg, delvis ferdig Arne Moslåtten?
Ok 2020 2021: Vidareføre	Vidareføre/utvide nettressurs: Omtalar i Nynorskbok.no	(2020)	alle	Omtalar og undervisingsopplegg er kopla (ATO)
Ok 2020 2021: Lage fleire	Ny nettressurs: Videosnuttar med tips frå NYS	(2020)		15.10: Bok på 1-2-3 (IMH og GKG)eit tips GKG, to filmar med boktips AMVV

Ok 2020FLYTTE 2021: Vidareført jan-des	Oppdrag frå Udir/Lesesenteret: Utvikle leseprøver på nynorsk	(2022)	AM + LK	Totalt 20 %. Frå 1.9: 40% (delt AM/LK)
I 2021:	Nye NYS-ressursar for frå fleirspråklege (filmsnuttar?)	(2021)	GKG	Planlegg filmsnuttar om nynorsk grammatikk. Korte tekstar frå verdslitteraturen m. opplegg (Jorunn Vik). Bloggtekst skulehage og nynorskopplæring
Ok 2020 2021: Lage fleire	Grammatikkressursar for vidaregåande		RK	Publisert meir kjem
Ok 2020	Les inn lydfiler av Bokstavsommaren	27.4.	AM	Publisert.
Ok 2020 2021: Ny julekalender	Julekalender med språklege oppgåver		LAS, AMVV, RK, JS,GKG, IH, ATO	Publisert Bruke noko av 2020
Ok 2020 2021: Oppfølging	SAMAN-mathefte for 3. og 4. trinn. (Mat og helse-senteret)		AM	Ferdig nyn.utgåve 9.12.
Ressursar frå Hovudsatsing II/2020				
Ok 2020	Korleis arbeide målretta med språket i elevtekstar (Eide)	1.5.	MW	Ferdig. Ressurs om arbeid med språk i elevtekstar/publisert
2020: Ikkje fullført 2021: Vurdere fullføring	Kahoot/Quizlet - rettskriving/grammatikk	1.7	LAL	12.05. Førabels. Peike til rettskrivingsoppgåver på norsksidene.no og språkradet.no. 15.10: Dette kan kome som ein del av grammatikkressursen.
2020: ??	Glosetyggen – grammatikkoppgåver	1.7.	LAL	
Ok 2020	Vi har laga digitale Bok på 1-2-3-opplegg	2020	NYS	12.05 I samband med heimeskule-tida har vi laga eit opplegg som kan gjennomførast heime. Ferdig.

Område 2: Formidling				
	Delmål	Frist	Ansvarleg	Merknad
Ok 2020: LU ved HVO 2021: Fleire LU: Sjå HS III (LU) Andre målgrupper?	Bok på 1-2-3: V20: Tre LU-seminar. H20: 1+?. Andre målgrupper? Lage film om korleis bruke i skulen	(2020)	GKG	Sjå 3.2.1. (Lærarutdanningane) 15.10: Lite reising i 2020. Bodø 2020 og 2021. webinar
Ok 2020: Eigen plan 2021: Eigen plan Til vurdering: Kan noko av dette nyttast i ein generell NYS-ressurs?	Dekomp/Rekomp: Delta i HVO-satsing på Søre Sunnmøre Trekjøversamarbeidet Ørsta og Hareid	(2020)	TD+ LK+ AM GKG og LA	Organisert ved AHL. Eigen plan. 14.10: OK LK har laga to webinar-filmar (dekomp og rekomp). AM har laga ein film (rekomp). LA har laga ein film (dekomp). Guro har laga ein undervisningsfilm (dekomp)
2020: Møte om saka, men ingen resultat. 2021: Forna initiativ	Dekomp/Rekomp: Samarbeid m. andre senter om nasj. Deltaking Blogginnlegg	(2020)	TD	14.10: tema på nasjonal konf. 21.9.
Ok 2020 2021: Framhald	Fagdagar/seminar/kurs: Oppdatere og marknadsføre NYS-tilbod	1.5.	TD	Eigen idedugnad aug/sept. OK Kurstilbod bhg og 1.-4. trinn oppdatert 9.12.
2020. Nokre få(?) utanom Dekomp/Rekomp 2021: Forna initiativ	Fagdagar/seminar/kurs: Halde faglege innlegg/etterutdanning	(2020)	(alle) MW og LA	Hugselliste: Tal?? Prioritet: randsoner, bm-område 14.10: Tilbod om webinar
Ok 2020 2021: Blad x 2 (3?)	Bladet Nynorskopplæring: nr 34 Bladet Nynorskopplæring: nr 35 Bladet Nynorskopplæring: nr xx	1.4. 15.10 Des/jan21	IMH+ATO IMH+ATO IMH+ATO	Tema v20: Fagfornynging. OK Tema h20: Språk/grammatikk. OK Tema: NYS-tilbod. X-nr for nasjonal distribusjon
Ok 2020 2021: Framhald	Publisering nett: Nye saker, blogg, nyhendebrev	(2020)	IMH	Gjesteskrivarar, idémlydring
Ok 2020 2021: Framhald, helst auke	Anna publisering: kronikk, fagartiklar	(2020)	TD++ AM	Om lover/planar, praksis og ressursar Om nynorsk tidleg literacy (Utd.nytt, Første steg, Norsk Tidend, Pirion og artikkel i Skriftkultur)
2020: Utsett 2021: Forna initiativ	Samarbeid med NK om nynorsksatsing i utvalde kommunar (randsoner/samanslåtte komm.)	(2020)	TD	Avtale NK: h19. Avtalar med komm: v20 14.10: Utsett pga. Cov19. Søknad KUD 2021 Fagdagar med NYS og NK 18.9.

2020: Avlyst/utsett 2021: Nytt initiativ?	Fleirspråklege: Fagdag for læringsssentera i Sjustjerna	12.8.	GKG	Juni: avlyst
Ok 2020. Lansering jan. 21 2021: Nye prosjekt?	Reklamefilm for NYS		ATO og IMH	Bør få det på haustrekneskapen. I rute
Ok 2020	Saman – mathefte for 3. trinn		AMV	Skal sendast ut jan 21
Ok 2020 2021: Framhald	Litteraturformidling og utprøving av bøker	31.12	GKG	Samarbeid med skular og bhg. Halde fram i 2021 noko digitalt?
Ok 2020	Litteraturformidling på bibliotekdag i Ålesund	nov	AMV	To bokpresentasjonsfilmar

Hovudsatsing II: [Bruk av] digitale læringsressursar

Område 1: Ressursutvikling				
	Delmål	Frist	Ansvarleg	Merknad
Ok 2020: Teknisk rettleiing 2021: Nye liknande ressursar?	Ressurs om podkast + lydbok (ferdignakka) Flytte til HS I	1.6.	LAL	12.05.Liv Astrid gjer ferdig. 15.10: Jorid les gjennom.
Ok 2020: Teknisk rettleiing 2021: Nye liknande ressursar?	Ressurs om IntoWords	1.4.	AMV	Ferdig. Side i bladet og under digitale ressursar
Ok 2020: Teknisk rettleiing 2021: Nye liknande ressursar?	Nynorsk skrive- og lesestøtte for digitale einingar	1.7.	LAL/ATO/JS	Innstillingar er ferdig. 12.05. Bør vi ha noko om korleis elevane kan arbeide med retting/reinskriving av eigen tekst? 15.10: Heng saman med det i punktet over.
2020: Utsett?? 2021: Fullføre ressurs??	Kreasjon. Temabaserte digitale opplegg HS I	20-21	LAL/JS	Vil lage fleire ressursar som kan bli eit hefte.
Ok 2020 2021: Framhald	Råd om innkjøp/installasjon/bruk av appar i kommunane. Tips til å finne nynorsk versjon.			Arild har laga liste og publisert. Ferdig. Minne om dette kvart nyhendebrev.

Område 2: Formidling				
	Delmål	Frist	Ansvarleg	Merknad
2020: Avlyst(?) 2021: ???	Samarbeid med Eduplaytion	(2020)	AM + IMH	15.10: Ingvild har kontakt med Kristoffer om opptak i studio.Vi har vore klare til opptak to gonger....
Ok 2020 2021: Framhald. Sjå også andre HS	Eigen mediestrategi	26.06.	IMH	12.05: Ingvild publiserer etter kvart i sosiale medium. 10.07: Gjennomgang av utkast på sentermøte i august. Ligg på Q.
2020: Ikkje ferdig(?) 2021: Fullføre	Tilpasse teikneseriesidene til mobilbruk?	1.9.	ATO	12.05: Arild tek dette opp att når han kjem tilbake frå heimekontor. Treng tilgang i Volda. 15.10. Innimellom-arbeid. Det går framover.
2020: Delvis 2021: ???	Samarbeid med RIKT/Kreasjon	H20	LAL	

Hovudsatsing III: Lærarutdanningane

Område 1: Ressursutvikling				
	Delmål	Frist	Ansvarleg	Merknad
Ok 2020 2021: Vidareutvikle?	Utvikle ressurs rundt Tid for ti i samarbeid med Kristin K. Sjøhelle	1.12.	GKG+ATO	Tid for ti-dag 22.10. Sak til nettsida og mogleg grunnlag for ressursar. Ressurs til andre lærarutdannarinstusjonar?
2020: Ikkje laga 2021: Laga mal for halv- og heildigitale opplegg	Lage mal for LU-fagdagar i NYS-regi	1.4.	GKG+LA	15.10: Ikkje gjort noko med. Kanskje lage webinar-tilbodsliste?
2020: Delvis revisjon 2021: Grundig revisjon	Revidere tipsliste til LU-masterprosjekt	1.3.	LK+TD	Førebels revisjon: 31.1. Ny revisjon januar 21.
2020: Ikkje laga 2021: ???	(Lage oversyn over gode LU-opplegg frå andre UH)	2021?		

Område 2: Formidling				
	Delmål	Frist	Ansvarleg	Merknad
Ok 2020 2021: Reetablering og fornya aktivitet	Revitalisere LU-nettverket. Lage plan for vidare strategi	1.4.	RK+MW+GKG	22.10: Dette må vi tenkje meir på. Tek det opp att i samband med konferansedagen 12.11. Møte 10.12,
Ok 2021 2021: 2-3 LU-fagdagar?	Arrangere nasjonal konferanse for lærarutdannarar	12.11.	TD+IMH++	DIGITALT
Ok 2020: HVO 2021: Vidareføre, fleire LU	LU-fagdagar: Tid for ti + Bok på 1-2-3 + andre NYS-ress. + fagstoff	(2020)	GKG+MW	H20: Volda + Digitalt 2-3 stader?
2020: Ikkje laga 2021: Fullføre plan	Lage plan for besøk på alle LU i løpet av tre-fire(?) år	1.4	GKG+MW	
Ok 2020 2021: Vidareføre	Profilere NYS-tilbod på NOLES-samlingar	(2020)	(MW)	Gmoen: 3.2. + h20
2020: Delvis 2021: Endeleg avklaring	NOLES: Avklare rammer for vidare drift + ny NYS-ansvarleg	1.4.	TD	Schæffergård-konf. H2021? Ligg på is.

Arbeidsområde 3: Kunnskapsgrunnlag (fellestabel)				
	Delmål	Frist	Ansvarleg	Merknad
HS I	God lese- og skriveopplæring på nynorsk			
2020: Ikkje gjennomført	Ny intervensjonsstudie på mellomtrinnet i randsone.	(2020)	AM	Plan: v20, start h20. Arb.gruppe: AM, LK (GKJ) Testa ut opplegg i Lørenskog.
2020: Utsett 2021: Uvisst. H2021?	Korleis må elevane jobbe når dei skal reinskrive tekstane sine?	Sommar 2021	LA og JS	Samarbeid med Volda kommune om observasjon av digital praksis.
Ok 2020	Intensjonsavtale med Volda kommune			Meir kunnskap om digital opplæring.
Ok 2020: Digitale konf/fagdagar 2021: Delta både digitalt og ev. fysisk frammøte	Delta på konferansar: deltaking innlegg, stand	(2020)	(alle)	14.10: Lite
Ok 2020 2021: Vidareføre	Delta i DigiHand-prosjektet	(2020)	LK + MW	Eigen plan
Ok 2020 2021: Vidareføre	Leseprøver: Oppdrag frå Lesesenteret Sjå også oppføring i HS I Ressursutvikling	(2020)	LK + AM	Eigen plan Pilot klar mai 2021.(utsett frå haust 20) 14.10: utvida frå 20 til 40% frå 1.9.
Ok 2020	Delta i Udir-gruppe om kvalitetskriterium for læremiddel	mai?	AM	Frist 3.5.2020. OK
2020: ?? 2021: Eigen DR-plan for NYS	Dekomp: Kartlegge behov og planlegge samarbeid	(2020)	TD+	Sjå 1.2.2. og 1.2.3.
Ok 2020: Gardermoen i februar 2021: Revidere plan for vidareføring av NOLES	NOLES: Delta på samlingar og i nettverk.	(2020)	(MW+)	NOLES-ansvar frå h19: Hjalmar E. (frikjøp)
Ok 2020 2021: Vidareføre	Delta i forskingsgrupper ved HVO	(2020)	Alle AM og LK	Forskargruppe for tidleg litterasitet
Ok 2020 2021: Vidareføre	Fou-arbeid Overordna plan/strategi for NYS-fou?	(2020)	alle	AHL: Individuelle fou-planar
Ok 2020: ikkje avgjort 2021: Ev. oppfølging	Samarbeid Lesesenteret: Med på ny NFR-søknad om leseprosjekt		LK + AM	14.10: avgjerd jan/feb 21
2020: I gang 2021: Følgje opp	Prosjekt med Møre b. og u. skule om akademisk skriving	20-21	LA	

HS II	Bruk av digitale læringsressursar			
Ok 2020 2021: Oppdatere	Kartlegge digitale ressursar: Mest brukt og nynorskalternativ. Vektlegge digital skrive- og lesestøtte	(2020)	TD+ATO	Framhald frå 2019.
2020: ??? 2021: Oppfølging	Dialog med faggrupper i DigiGLU	V20	LA	Må ta opp att når vi er tilbake på kontoret. 15.10: Avslutningsfasen? Deltaking på digitale lunsjar.
Ok 2020	Kartlegging: Samarbeid med LNK, Mållaget, NMU, NK	V 20	ATO	
2020: Avlyst 2021: Digitalt?	Delta på Pfdk-konferanse 30.-31. mars 2020	30.-31.3	LA+AMV	Avlyst. Alle føredraga ligg på nett
2020: Avlyst 2021: Digitalt?	Delta på NKUL 2020 6.-8. mai 2020	6.-8.5.		avlyst
HS III	Lærerutdanningane			
Ok 2020 2021: Ev. oppfølging. Sjå HS III Lærerutdanningane	Kartlegge nynorsken sin plass i planane på alle LU-utdanningane Lage mal for informasjonshenting	1.5. 1.3.	AKH	Gjennomført (juni) 14.10: Sjå også kartlegging 2016 (RK) + 2014 (PROBA)
2020: Delvis	Oppfølging av undersøkinga til Eli Anne Eiesland	1.3.	(TD)	Innlegg i Khrono 5.2.
2020: Delvis 2021: Oppfølging	Oppdatere lista med fagartiklar og bøker		RK, MW, LK, ATO	Vi har begynt med oppdateringa. ATO tingar nytt system for registrering.

Arbeidsområde 4: Strategisk samarbeid og språkpolitisk arbeid (fellestabell)				
Hovudutfordring: Balansere regional plassering (HVO) med nasjonalt mandat.				
	Delmål	Frist	Ansvarleg	Merknad
HS I	God lese- og skriveopplæring på nynorsk			
Ok 2020	Ny opplæringslov: Følgje prosessen og levere innspel/framlegg	1.7.	TD+ATO	Nynorsk forum, Mållaget. OK
Ok 2020 2021: Vidareføring	Kontakt/oppfølging av lover og forskrifter: Udir, KD og Storting	(2020)	TD	Forum for nyn i oppl, Nynorsk forum
Ok 2020. Men i liten grad 2021: Ny vurdering	Kontakt/samarbeid med andre nasjonale senter om strategi	(2020)	TD	Sentermøte, Dekomp/Rekomp-strategi
Ok 2020 2021: Vidareføring/auke	Kontakt/samarbeid med UH-miljø om fou, ress.utvikling og formidling	(2020)	alle	HPV (Sogndal), Lesestr, Skrivestr, NAFO
Ok 2020 2021: Ny vurdering	Kontakt/samarbeid med forlag/ressursprodusentar	(2020)		Sjå hovudsatsing II: Digitale læringsressursar
Ok 2020 2021: Vidareføring	Delta i arbeidsgruppe for meir nynorsk i DKS, leia av Kulturtanken	2020-21	AMV+GKG	AM og GK sit i fagnemnd for nynorsk.
HS II	Bruk av digitale læringsressursar			
Ok 2020	Ny opplæringslov: Følgje prosessen og levere innspel/framlegg	1.7.	TD	Sjå også 1.4.1. 15.10: TD skriv noko til Utdanning.
Ok 2020 2021: Vidareføring	Kontakt/oppfølging av lover og forskrifter: Udir, KD og Storting	(2020)	TD	Sjå også 1.4.2 og 2.2.6. Forum for nyn i oppl,
Ok 2020 2021: Vidareføring	Kontakt/samarbeid med nynorskorganisasjonane	(2020)	TD	Sjå også 1.4.3 og 2.2.5
Ok 2020 2021: Vidareføring.	Samarbeid med LNK, Mållaget, Målungdommen, NK			12.05. Vi samarbeider med desse om opplæringslova og læremiddel. Arild og Torgeir er i dialog med desse. 15.10: Arild har innlegg på samling i Aasen-tunet (Volda mållag) 2. november. Avlyst. Om digitale læremiddel.
Ok 2020	Språkrådet, Udir			
Ok 2020	Kontakt/samarbeid med UH-miljø og nasjonale senter	(2020)	Alle	HPV (Sogndal), Lesesenter, Skrivesenter, NAFO

HS III	Lærerutdanningane			
Ok 2020	Kontakt/samarbeid med nynorskorganisasjonane	(2020)	TD	Nynorsk forum, Mållaget, NK, LNK..
Ok 2020	Samarbeid med dei andre nasjonale sentera	(2020)	TD	Sentermøte, Dekomp-strategi
2020: Ikkje gjennomført 2021: Ny vurdering	?Samarbeid med andre UH om nynorsksatsing	H20/ V21	LASL/GKG/ MW	Høgskulen på Vestlandet, Univ. Sørøst, HINN/Hamar
2020: ?? 2021: Ny vurdering	?Etablere kontakt/samarbeid med lærarorganisasjonane	v20	GKG+MW	Utdanningsforbundet? Andre? LNU
2020: Ikkje gjennomført 2021: Oppfølging	Brev til KD		TD	brev til KD med funn frå 3.3.2 og 3.3.2.

Overordna vilkår for hovudsatsing I - III: Kompetent organisasjon og sunn økonomi (arbeidsområde 5)				
Hovudutfordring: Balansere hovudoppdrag (ress.utvikling og formidling) med behov for NYS-intern kompetanseheving.				
	Delmål	Frist	Ansvar	Merknad
Ok 2020 2021: Vidareføre	God budsjettkontroll. Lage budsjett (nov 2019)	(2020)	TD+ROR	Budsjett: 12.11.2019. Revidert. 21.2.2020 Tertialrap. (30.4./31.8.) Budsjett 2021: 13.11.20
Ok 2020 2021: Vidareføre	Lage strategiplan 2020-2023 og handlingplan 2020	14.2.	TD	END versjon 28.2.
Ok 2020 2021: Vidareføre	Lage årsrapport 2019	1.3.	TD	END versjon 20.4.
Ok 2020 2021: Vidareføre	Halde på/utvikle god balanse i staben m.o.t. komp.område/NYS-behov. Tilsetje folk i vikariat/engasjement for å dekke opp frikjøp/vakansar	(2020)	TD	Vurdering v. ev. permisjonar og nyttilsetjing H20: Jorid S, 2021: Ei eller to deltidsstillingar
Ok 2020 2021: Vidareføre	Regelmessige medarbeidarsamtalar	1.3.	TD	Minst ein gong i året. Gjennomført i februar
Ok 2020: (Samarb.partnar). Ingen NYS-initierte søknader. 2021: Oppfølging	Søke/utvikle prosjekt m. ekstern finansiering. Finne samarbeidspartnarar	(2020)	alle	Meir konkretisert? Leseprøve 2,
Ok 2020 2021: Vidareføre	Legge til rette for fagleg kompetanseheving	(2020)	TD	phd, 1. lektor, master, UH-kurs
Ok 2020: Men lite 2021: Meir intern opplæring	Opplæring i data- og nettverksverktøy	v20	TD	IT ved HVO: ?Onedrive, Teams, Outlook, Zoom
Ok 2020 2021: Vurdere tilsetjingsstrategi for 2022 og vidare	Vurdere toarstilling frå ekstern UH og/eller delt HVO-stilling	1.4.	TD	Prof II i 10% stilling jan-des. 2021
Ok 2020	HVO/AHL-tilsett phd-stipendiat med prosjekt om nynorskopplæring	h20	(TD)	Søkn.frist: 17.3. Tilsett mai. Start h21